

## Søknad om unntak frå arealdel i kommuneplan i Meland kommune

På vegne av eigarane av eigedom 48/7, Jorunn Kristine Røyseth og Tore Røyseth, søker eg om unntak frå formål i arealdel i kommuneplan.

Søknaden er eit tillegg til søknad om tiltak; oppretting eller endring av matrikkeleining (deling). Formålet er primært fritidsbustad, sekundært bustadhus, som pensjonistbustad.

Tomta er på om lag 550 kvm, og størstedelen ligg på ei flate med berg, busker og tre. Sjø vedlegg. Litt av tomta, om lag 150 kvm, ligg i ei skråning med same type landskap. Tomta er ueigna til dyrkingsjord og har lite beiteformål som utmark. Dersom ein skal bruka tomta, vil ein setja opp gjerde rundt ho for å avgrensa til beite for sauar, som går i eit større område fordelt på fleire eigedommar.

Tomta er utanfor 100-metersgrensa mot sjøen. Ho grensar til eigedom 48/32, eigd av far min, Gunnar Skurtveit. I nærleiken ligg det også ei hytte, eigd av Arne Moldrheim.

Når det gjeld avlaup, kan det anten leggest som eit godkjent reinseanlegg i skråninga, eller i dalen på eigedom til Gunnar Skurtveit. Ein kan knyte seg til offentleg vassverk på denne eigdommen også.

Frå den private vegen som går på utsida av tomta, er det lett å laga veg inn til tomta. Løyve til det er gitt av Gunnar Skurtveit.

På vegne av eigarane bed eg om svar på søknad vert sendt til meg, med kopi til eigarane om det er ønskeleg. Eg vil også betala gebyr i samband med søknaden.

Bergen 6/12-18

Med vennleg helsing



Helge Skurtveit

Adresse:

Kringsjøveien 35, 5162 Laksevåg

Tlf 959 22 119

E-post: [hyss37@gmail.com](mailto:hyss37@gmail.com)